



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magnus Johan Steinsvåg, 55 57 23 25
Rune Johan Mikkelsen, 55 57 21 81

Svar på høyring av oppgradering av landbruksveg Svendalsvegen i Alver kommune

Vi viser til høyring av landbruksveg Svendalsvegen på eigedom 23/3 i Alver kommune, og til utsett frist for å kome med uttale.

Søknaden gjeld oppgradering av landbruksveg om lag 230 meter til vegklasse 4. Fordi det er registrert fleire naturtypar i området vart saka sendt til Statsforvaltaren på høyring. I søknaden er dekningsområde til vegen oppgjeve til å vera heile eigedomen på 650 dekar og 10 000 m³ hogstmogen furuskog, men dekningsområdet som vegen skal tene er ikkje kartfesta jf landbruksvegforskrifta § 2-3.

Søknaden skal handsamast etter landbruksvegforskrifta der føremålet er «*Formålet med denne forskriften er å sikre at planlegging og bygging av landbruksveier skjer på en måte som skal gi landbruksfaglige helhetsløsninger. Det skal samtidig legges vekt på hensynet til miljøverdier som naturmangfold, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og løsmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av veiframføringen*».

Statsforvaltaren var på synfaring saman med søkjar fredag 4. juni 2021. Representantar frå Alver kommune kunne ikkje stille. På synfaringa var det tydeleg at vegen nyleg er oppgradert, men det er uvisst til kva vegklasse. Det er også gjennomført noko hogst i nordre delar av området. Eigedomen inngår i arealet som vart vurdert som «meget verneverdig» ved inventering av verneverdig barskog i Hordaland (Moe 2001). Med bakgrunn i nye funn av naturtypar og artsførekomstar, og at det er gjort lite inngrep etter denne vurderinga, er dette ei vurdering som heilt klart står seg i dag.

Viktigaste kvalitetane er eldre temperert kystfuruskog og regnskogsmiljø. Naturprega eldre furuskog som ein finn her er etterkvart blitt sjeldsynt i Nordhordland som fylgje av svært omfattande tilplanting av gran.

Statsforvaltaren har for fleire år sidan vidareformidla til AT Skog og Norskog at området er verneverdig, og at om grunneigarane tilbyr område for frivillig skogvern vil vi vere interessert i det.



Det er AT Skog og Norskog som på oppdrag frå Miljødirektoratet representerer aktuelle grunneigarar ved frivillig skogvern. Vi forstår det slik at grunneigar no er i dialog med AT Skog om mogleg utgreiing for frivillig skogvern. Start av slikt vernearbeid kan ikkje ta til før grunneigar gjev skriftleg klarsignal for dette i samråd med AT Skog.

Med bakgrunn i dei sterke naturkvalitetane her, må skogeigar legge til grunn at eventuell skogdrift i området vil måtte påleggast restriksjonar, og såleis takast omsyn til ved seinare sakshandsaming. Dette vil også kunne innebere at kommunen kan nekte hogst og/eller setje vilkår om korleis den skal gjennomførast jf skogbrukslova § 8 andre ledd.

Ved planlegging og handsaming av landbruksvegar er det alltid slik at føremålet med vegen, som definerer form og utstrekning til landbruksvegen. Ved skogsvegar er såleis omfang av dekningsområde avgjerande. Ved at dei sterke naturkvalitetane i området fører til spesielle omsyn ved hogst, meiner vi at 10 000 m³ furutømmer ikkje vil vere rett som grunnlag for landbruksvegen. I tillegg vil eit eventuelt frivillig vern av området gi vesentleg mindre volum, og påverke vurderingane av søknaden om oppgradering av landbruksvegen.

Vi meiner difor at eit eventuelt frivillig skogvern må avklarast før handsaming av landbruksvegsøknaden.

Dersom grunneigar ikkje ønskjer å vurdere frivillig skogvern, må det sendast inn oppdatert søknad om landbruksveg der føremål med vegen og dekningsområde (reelt volum) er klart kartfesta.

Ta gjerne kontakt om det er noko de lurar på.

Med helsing

Magnus Johan Steinsvåg
seniorrådgjevar

Solveig Kalvø Roald
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
AT Skog